

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

---

<b>Dato</b>	31.03.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/37824-4
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Bjørnar Tjoflot
<b>E-post</b>	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
<b>Telefon</b>	99100814

## Høyringsuttale til søknad om utsett byggjefrist for Solheimsdalen kraftverk, dykkar ref.: 201306648

### Bakgrunn

Solheimsdalen Kraft AS har søkt NVE om å få forlenga byggjefristen for Solheimsdalen kraftverk med fem år, til 13.12.2027. Solheimsdalen Kraft AS fekk konsesjon til å byggje kraftverket 13.12.2017.

Etter vilkårspost nr. 2 i vassdragskonsesjonen må konsesjonær starte å byggje kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonen vart gjeve. Om ikkje faller konsesjonen frå. NVE kan forlengje fristen med inntil fem nye år.

Til orientering har Solheimsdalen Kraft AS søkt om å regulere Dalsætervatnet oppstraums kraftverket. Saka er til behandling i NVE.

NVE skal vurdere om det er nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje kan forlengast. Etter NVE si vurdering er ikkje saken så omfattande at det ein krev kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden om forlenga byggefrist blir difor berre sendt på avgrensa høyring til Tysnes kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

NVE ønskjer tilbakemeldingar dersom det har oppstått nye forhold som kan vera av betydning for konsesjonen sidan saka vart behandla i 2017. Vi ønskjer òg tilbakemelding dersom dykk veit om nye partar som saka vedkjem, slik at dei òg kan få høve til å uttale seg.

### Kulturminne

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre databasar om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi som blir direkte råka av konsesjonsgitt tiltak. Vi har ikkje ny kulturminneinformasjon om området sidan konsesjon vart gjeve i 2017. Vi ber om at vilkår vedrørende omsyn til kulturmiljø og kulturlandskap i gjeldande konsesjon blir vidareført.

### Vassmiljø

Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta. Me kjenner ikkje til ny kunnskap om vassmiljøet i det aktuelle området utover det som gjekk fram i samband med konsesjonsvurderinga i 2017.

Til orientering er det Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 som skal leggest til grunn, jf. vassforskrifta.

### Friluftsliv

Vi viser til opphavelig innspel til konsesjonssøknad med krav om avbøtande tiltak.

- Det må ikkje lagast unødige skjeringar eller fyllingar i terrenget som vil få skjemmande verknad på kulturmiljøet. Det må vera ein plan for revegetering (tilsåing) i etterkant av byggjeprosessen.

Vi kan ikkje sjå at det er gjort nye registreringar sidan 2016, men vi påpeikar at store deler av området er kartlagt som svært viktig friluftsområde, og det er del av eit større inngrepsfritt område.

Med helsing

**Sølve Dag Sondbø**  
seksjonssjef  
NPI - Grøn vekst, klima og energi

**Bjørnar Tjoflot**  
rådgjevar  
NPI - Grøn vekst, klima og energi

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

TYSNES KOMMUNE

Uggdalsvegen 301

5685

UGGDAL